


# Planinitiativ

Detaljregulering for gnr. 44 bnr. 17, 319, 320 Bjånes,  
Austevoll



Utarbeidet 07.09.2023, Nagla AS.  
Revidert 05.03.2024, ABO Plan & Arkitektur AS

NØKKELOPPLYSNINGAR	
Stadnamn / GNR/BNR	Bjånes, Austevoll kommune/ Gnr. 44 bnr. 17, 319 og 320.
Plantype	Detaljregulering, privat
Gjeldande planstatus	<p>Arealføremål i KPA, 2013 - 23:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Næringsvirksomhet</li> <li>- Fritids- og turistformål</li> <li>- LNFR</li> <li>- Havn</li> </ul>
Planlagde arealføremål	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Utleiehytter</li> <li>- Småbåtanlegg</li> <li>- Veg</li> <li>- Kai</li> <li>- LNFR</li> </ul>
Storleik på planområdet	5,3 daa
Aktuelle problemstillingar ein ønskjer å drøfte	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Utbygging i strandsona, høgde, storleik, tall einingar osv.</li> <li>- Utleiehytter innanfor føremålet næringsvirksomhet i KPA.</li> <li>- Utviding av kaiarealet ut i sjø.</li> <li>- Vegtilkomst og parkering.</li> <li>- Flytebrygger/flytebryggeanlegg.</li> </ul>
Framlegg til plannamn	Detaljregulering for utleiehytter, gnr. 44 bnr. 3 m.fl. Bjånes
Forslagstillar/tiltakshavar	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Namn/firma/ org.nr</li> <li>- Arve Johnny T. Haugland</li> <li>- Vivian Bjånesø Horgen</li> </ul>
	Telefon/e-post
Plankonsulent	<p>Firma/ org.nr</p> <p>ABO Plan &amp; Arkitektur AS Org.nr 879 951 542</p>
	e-post / telefon
Andre opplysningar	<p>Nagla AS utarbeidet dette planinitiativet til oppstartsmøte med kommunen hausten 2023. Etter oppstartsmøtet har ABO Plan &amp; Arkitektur AS revidert planinitiativet med ein justert plangrense og nokre mindre revideringar i beskriving av tiltaka som planen skal regulere for.</p> <p>Tidlegare sak 15/1527 hos kommunen. Reguleringsplanen blei starta opp i 2015, med oppstartssøknad same år. I 2022 ble saka avslutta, sidan den har vore inaktiv i over 3 år (med unntak av e-postkorrespondanse).</p>

## Innhald

a.	Føremålet med planen.....	4
b.	Informasjon om planområdet og om planarbeidet vil få verknader utanfor planområdet .....	4
c.	Planlagde bygg, anlegg og andre tiltak .....	6
d.	Utbyggingsvolum og byggjehøgder .....	7
e.	Funksjonell og miljømessig kvalitet .....	7
f.	Verknadar av tiltaket på, og tilpassing til, landskap og omgjevnadar.....	7
g.	Tilhøve til overordna planar og føringar .....	8
	Arealdelen til kommuneplanen .....	8
	Reguleringsplanar og pågåande planarbeid .....	9
	Statlege føringar .....	9
	Regionale føringar.....	10
h.	Vesentlege interesser som vert råka av planinitiativet.....	12
i.	Ivaretaking av samfunnstryggleik / førebygging av risiko og sårbarheit .....	12
j.	Offentlege organ og andre interesserte som skal varslast ved planoppstart .....	12
k.	Prosessar for samarbeid og medverknad .....	13
l.	Vurdering av konsekvensutgreiing.....	13
	Vedlegg .....	14

## Planinitiativ

Private forslagsstillarar skal sende inn eit planinitiativ til kommunen seinast samstundes med tinging av oppstartmøte, jf. [Forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering etter plan- og bygningslova § 1](#). Planinitiativet skal i naudsynt utstrekning gjere greie for premissane for det vidare planarbeidet og gjere greie for dei tema som er lista opp som bokstav a-l i forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering etter plan- og bygningslova § 1.

### a. Føremålet med planen

Målsettinga med planarbeidet er å regulere eit område på Bjånes for utvikling i tråd med kommuneplanens arealdel.

Det skal setjast av areal for utleiehytter, der det er ønskje om ca. 6 bygg på gnr/bnr 44/319 og 3-4 bygg på gnr/bnr 44/17. Det skal vurderast om nokre av eller alle bygga skal ha to einingar pr. bygg. Endeleg tal einingar vert fastsett som ein del av planarbeidet, der både terrengtilpassing og plass til parkering vil verte førande for kva tiltak det er plass til innanfor eigedomen.

Det er i tillegg ønskeleg å lage nytt kaiareal langs strandlinja med båtplassar langs kai.

Det vert sikra køyrbar vegtilkomst bak utleiehyttene. Delar av parkeringa vil skje ved 44/17 og delar ved 44/320. Det skal vere gangareal mellom og forran bygga som skal vere opent for allmenta.

### b. Informasjon om planområdet og om planarbeidet vil få verknader utanfor planområdet

Planområdet er på 6,2 daa og er lokalisert sentralt i Austevoll, på Bjånes (figur 2). Området ligg ca. 2,3 km unna Storebø sentrum og ca. 15,2 km unna Bekkjarvik sentrum målt langs køyrevegen.

Planområdet omfattar eigedomane gnr. 44 bnr. 1, 17, 19, 218, 319 og 320. I nord og aust er planen avgrensa av eigedom 44/17 og 44/19, i sør langs eksisterande vegareal og eigedom 44/320, og i vest langs sjøareal.

Innanfor planområdet ligg det eit naust på eigedom 44/19, som og har kaiareal mot sjø. I bakkant av naustet går det ein traktorveg/anleggsveg frem til 44/17. Landskapet i planområdet heller mot sjø, med ein strandsone som er ein skråning, og fjellskjering i bakkant (figur 3 og 4).

Vegtilkomsten går frå fylkesveg 546 og inn på Bjånesøyvegen, som er ein mindre kommunal veg. Etter 1,6 km langs Bjånesøyvegen kjem ein frem til planområdet.





Figur 2: Lokalisering av planområdet sentralt i Austevoll.



Figur 3: Bilde av planområdet sett mot nordaust.



Figur 4: Bilder av planområdet sett mot aust.

### c. Planlagde bygg, anlegg og andre tiltak

Det er ønskeleg å legge opp til om lag 10 bygg som skal nyttast som utleiehytter innanfor planområdet. Det skal vurderast som ein del av planen om alle eller delar av bygga kan ha to einingar pr. bygg. Som ein del av planarbeidet må det gjerast ein vurdering av terreng og landskap, samt plass til parkering, for å sjå kor mange bygg og einingar det er rom for.

Det vil bli aktuelt med seksjonering for å fordele utleiehytter og einingar innanfor tomtane. Endeleg løysing vil gå fram av planforslaget. Maksimalt tall som nemnt ovanfor vil uansett ikkje overstigast.

Størrelsen på utleiehyttene skal ha eit bebygd areal på mellom 50 og 80m<sup>2</sup>. På 44/17 og 44/319 skal ein legge opp til ein variasjon i størrelse på mellom 50 og 80m<sup>2</sup>. Maksimal høgde på bygg skal vere 7,5 meter, med unntak av 2 utleieeiningar innanfor 44/319 (sør i planområdet) som skal ha ein maksimal høgde på 9 meter.

Med ein storleik som beskriven ovanfor vil det vere god passasje mellom alle bygga. Det vert lagt opp til ein stor kaifront som skal vere open for allmenta. Dei fleste av dei nye bygga vil krevje ein del fundamentering for å kunne byggast på ein solid grunn, sidan det er ein del løsmasser der det er ønskeleg å bygge. Det må òg fyllast i sjø og fundamenterast i tråd med utbygginga. Dermed vil det vere naudsynt med terrengarbeid, og endring av strandlinja med ein ny kaifront.

Vegtilkomsten som går i bakkant av eksisterande naust og fram til g/bnr. 44/17 vil bli avsett som vegareal, og brukt som anleggsveg i utbyggingsfasen. Det vil bli lagt inn snuplass for bilar der vegarealet ender. Det vil bli regulert inn parkeringsareal med minimum ein parkering per eining. Utforming av parkeringsarealet vil krevje terrenginngrep.

Det er ønskeleg å utvide utbyggingsområdet og kaiarealet vest i planområdet ut i sjø, med ein naturleg utviding på begge sider av g/bnr. 44/19. Eksisterande kai ligg i dag ca. på kote + 0,8.

I tilknytning til kaifronten er det ønskeleg å legge opp til eit flytebryggeanlegg. Det skal vere ein båt plass per eining i planområdet. Flytebrygga skal ligge langs kaifronten, med båsar vendt vestover.

Abo plan & arkitektur har utarbeida situasjonsplan og illustrasjonar av eit forslag til korleis tomt 44/319 kan sjå ut (sjå vedlegg). Det er på noverande tidspunkt ikkje teikna ut løysing for resten av planområdet.

#### d. Utbyggingsvolum og byggjehøgder

Det er ynskjeleg å legge opp til om lag 10 nye utleigehytter innanfor planområdet med moglegheit for to einingar i kvar.

Bygg innanfor tomtane 44/17 og 44/319 skal ha ein BYA på mellom 50 og 80m<sup>2</sup>. Alle nye utleigehytter skal ha ein maks høgde på 7,5m, med unntak av 2 utleigeeiningar innanfor 44/319 (sør i planområdet) som skal ha ein maksimal høgde på 9 meter.

#### e. Funksjonell og miljømessig kvalitet

Gjennom planarbeidet vil ein søkje å sikre gode løysingar for fellesareal og tiltak, ved å sette av ein brei kai som er tilgjengeleg for allmenta. Det vil vere naudsynt med terrenginngrep for å bygge nye utleigehytter. Ein skal elles følgje krav og retningslinjer som er sett til utbygging i TEK 17.


#### f. Verknadar av tiltaket på, og tilpassing til, landskap og omgjevnadar

Planområdet er kupert og består av store høgdeforskjellar innanfor eit lite område, på grunn av fjellskjeringa i bakkant av vegen.

Utbyggingsområdet består av ein skråning med eit eksisterande naust, og med ein veg som verkar som eit skilje mellom utbyggingsområde og grøntområde. Alle nye byggetiltak blir plassert mot strandsona og vil krevje terrenginngrep for å gjennomførast.

Planforslaget vil ikkje ha store fjernverknadar, sidan nye bygg ikkje vil øydelegge silhuettverknaden. Fjellskjeringa i bakkant vil vere ein god del høgare enn toppen på dei nye bygga (figur 3).

Søraust i planområdet er det registrert innmarksbeite (figur 5). Det er planlagt å bygge parkeringsplass i dette området. Det var gitt dispensasjon for å kunne bygge parkering i dette området i sak 18/936 den 21.02.2019.



Figur 5: Utklipp frå kommunekart som syner arealressursar i området. Området i blått syner registrert innmarksbeite som vert ein del av parkeringsarealet (inne på tomt 44/320).



g. Tilhøve til overordna planar og føringar

Arealdelen til kommuneplanen

- [Arealdelen av kommuneplan for Austevoll, 2013](#)

I arealdelen til kommuneplanen for Austevoll (2013-2023) er arealbruk avsett til fritids- og turistformål, næringsverksemd, LNFR-område og hamn. Eksisterande naust ligg innanfor arealformålet fritids- og turistformål. Planlagde nye utleigehytter skal plasserast innanfor arealformåla: fritids- og turistformål, næringsverksemd og hamn.

Aktuelle føresegner:

Fritids- og turistformål


*4.2 Formålet er næring, fritids- og turistformål, pbl §11-7 nr 1. Næringsverksemda skal ha eit slikt omfang at det i seg sjølv, åtskilt frå anna næringsverksemd, minst går inn under skattelova sitt næringsomgrep. Omfanget av næringsverksemda skal eventuelt avklarast og opplysast nærare samt framgå av reguleringsplan, jf pbl §11-9 nr 8 og § 12-7 nr 2. Verksemda skal ikkje verke privatiserande for området. Arealet utanfor bygningane skal vere open for allmennheita. Det skal vere passasje mellom bygningane og sjø. Passasjen skal vere open for allmennheita. For alle nybygg skal det utarbeidast detaljreguleringsplan. Nybygg og nye tiltak skal ha god terreng- og landskapstilpassing. Alle tiltak skal ha så små terrenginngrep som mogleg. Nybygg skal trekkast lengst mogleg bort frå sjø.*

Planforslaget skal elles følgje retningsliner frå arealdelen til kommuneplanen, til dømes:

- Estetisk utforming av bygg: tilpassing til landskap og terreng, skånsam vegframføring
- Utforming av bygg og anlegg: ta omsyn til eksisterande bygg og vektleggja heilskap



## Reguleringsplanar og pågåande planarbeid



Figur 6: Utklipp frå kommunekart som syner eksisterande reguleringsplan. Stipla linje er planområde.

Heile planområdet er regulert i ein eldre reguleringsplan «Mindre vesentleg endring for Storebø nærings- og fritidshamn, delar av gnr. 43, bnr 44 m.fl. (PlanID 4625\_20040006)» (figur 6). Denne planen ble vedtatt i 2004 og endra i 2013. Planen har avsett heile strandsona i planforslaget til naust. Elles er areala regulert til friluftsområde på land og hamneområde i vann.

Det er ingen andre nærliggande reguleringsplanar som vil påverke planforslaget.

### Statlege føringar

- [Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen, kgl.res. 28.05.2021](#)

Føremålet med retningslinjene er å tydeleggjera nasjonal arealpolitikk og sikre nasjonale og regionale interesser i 100-metersbeltet langs sjøen. Strandsoneforvaltninga skal bidra til berekraftig utvikling jamfør FN's berekraftsmål. Retningslinjene skal bidra til at det takast særskilt omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre ålmenne interesser i strandsona, og at ein unngår bygging langs sjøen som ikkje er naudsynt, jf. Pbl §1-8. Retningslinjene bidreg til differensiert strandsoneforvaltning. Austevoll kommune er vurdert til å ligge i *son 3 – område med mindre press på areala*.

Aktuelle retningslinjer i dette planarbeidet:

- 10.2 - Syner til at visse tiltak, til dømes brygger og naust, bør lokaliserast i tilknytning til anna bebyggelse, og at fellesløysingar bør prioriterast.
- 10.3. – Syner til at tiltak som tillatast bør tilpassast omgjevnadane best mogeleg.

- 10.4. - Syner til at ein skal leggja vekt på omsynet til tilgjenge for ålmenta ved å sette av areal til kyststi og friluftsområder.

Vurdering: Ein vil søkje å etablere vegar og anna infrastruktur slik at terrenngrepa og ulempene vert minst moegele, og leggje vekt på løysingar som gjev betre tilgjenge til sjø. I dag er tilgjenge til sjøen svært dårleg innanfor planområdet, på grunn av topografien.

- [Statlege planretningsliner for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing, kgl.res. 28.09.2018](#)

Kommunane, fylkeskommunane og staten skal gjennom planlegging og øvre myndigheits- og verksemdsutøving stimulera til, og bidra til reduksjon av klimagassutslepp, samt auka miljøvenleg energiomlegging. Planlegginga skal òg bidra til at samfunnet vert forberedt på og tilpassast klimaendringane. I §4.3. står det:

*Areal som vurderast teke i bruk til utbyggingsføremål i kommune- og reguleringsplanar kan vera utsett for farar, som til dømes flaum og skred. Utbygging kan òg auke påkjenninga for nedanforliggjande areal. For å kunne førebyggja tap av liv, helse, kritisk infrastruktur og andre materielle verdiar er det naudsynt at det, gjennom risiko- og sårbarheitsanalyser tidleg i planprosessen, vurderast om klimaendringar gjev endra risiko- og sårbarheitsbilete.*

Vurdering: Det vil bli utarbeida ein risiko- og sårbarheitsanalyse som del av planforslaget, her vil ein mellom anna vurdere potensielle farar ved havnivåstigning og stormflo.

- [Rikspolitiske retningsliner for å styrke born og unge sine interesser i planlegginga, 20.09.1995](#)

Viktige nasjonale mål er å sikre eit oppvekstmiljø som gir born og unge tryggleik mot fysiske og psykiske skadeverknadar, og som har dei fysiske, sosiale og kulturelle kvalitetar som til ein kvar tid er i samsvar med eksisterande kunnskap om born og unge sine behov. Føremålet med retningslinene er å synleggjera born og unge sine interesser i planlegginga, samt gje kommunane eit godt grunnlag for å ivareta desse opp mot andre interesser og omsyn.

Aktuelt for dette planarbeidet er pkt.5, bokstav a og b – om krav til fysisk utforming:

- a. Areal og anlegg som skal nyttast av born og unge skal være sikra mot forureining støy, trafikkfare og anna helsefare.
- b. I nærmiljøet skal det finnast areal der born kan utfolda seg og skapa sitt eige leikemiljø. Dette føreset mellom anna at areala er store nok og er eigna for leik og opphald, gjev mogelegheit for ulike typar leik på ulike årstider, at dei kan nyttast av ulike aldersgrupper, og gjev mogelegheit for samhandling mellom born, unge og vaksne.

Vurdering: Området er ikkje utsett for forureining, støy eller anna helsefare. Det er ikkje krav om leikeareal til utleigehytter, men det vil opparbeidast fellesareal ved nausta som kan nyttast av alle besøkande. Det er badeplass like i nærleiken.

## Regionale føringar

- [Klimaplan for Hordaland 2014-2030](#)

I kapittel 5 Arealbruk og transport er det vedteke at (gamle) Hordaland «skal ha eit berekraftig utbyggingsmønster som reduserer transportbehovet, stimulerer til kortare og meir miljøvenlege reiser, og unngår nedbygging av verdifulle areal». Det er vidare påpeikt at eit tett utbyggingsmønster reduserer transportbehovet (5.1.2). Vurderinga er at det vil vera viktig å leggja til rette for fellesløysingar ved småbåthamna og unngå større inngrep i strandsona enn naudsynt. Det står vidare at

«landstraum og energisparande fortøyingsrutinar må innførast på alle offentlege og større private hamner og ferjestader» (5.1.4.). Vurderinga er at dette ikkje i stor grad er aktuelt for denne private småbåthamn, men at ein likevel kan vurdere behovet for landstraum og ladetilhøve for småbåtar som del av planarbeidet.

Relevante retningslinjer for planlegging (s.43):

- fortetting og utbygging må skje med kvalitet og utan nedbygging av verdifulle areal

Konsekvensar for bygg og handtering av overvatn (s.55):

Eksisterande og nye bygningar, kulturminne, og infrastruktur må sikrast mot ekstra påkjenningar. Arkitektar, ingeniørar og planleggjarar må samarbeide om heilskaplege løysingar for klimarobuste bygningar. Meir nedbør og fukt bidreg til auka belastning på materialar og konstruksjonar. Ein må kartlegge og ta omsyn til klimasårbarheit i risiko-og sårbarheitsvurderingar i byggeprosjekt.

Dette vil få merksemd i ROS-analysen (jf. pbl. §4-3).

- Regional kystsonoplan for Sunnhordland og ytre Hardanger, revidert 20.03.2020

Hovudmål: Kystsona i Sunnhordland og ytre Hardanger skal nyttast i balanse mellom bruk og vern av areal- og naturressursar og medverka til ei berekraftig samfunns- og næringsutvikling til beste for innbyggjarane og miljøet. Det skal leggjast til rette for at marine og maritime næringar i området kan utvikla seg vidare til å vere lønsame og konkurransedyktige i eit langsiktig perspektiv innanfor rammene av ei berekraftig utvikling. Det skal leggjast vekt på kunnskapsbasert planlegging og forvaltning i kystsona.

Særskilt relevant delmål:

- Strandsona skal ivaretakast i eit langsiktig perspektiv som ressurs for lokalmiljøet med fokus på natur- og landskapsopplevingar, biologisk mangfald, friluftsliv og kulturminne. Det er eit mål å ivareta allmenne interesser og unngå uheldig utbygging.

Særleg relevante retningslinjer:

Generelle retningslinjer

- 2.5 Samanhengande grønstruktur skal sikrast som grunnlag for friluftaktivitetar. Tilkomst til og langsmed strandsona bør sikrast både frå landsida og sjøsida. Tilrettelegging for ferdsel bør prioriterast. Verdifulle landskapsområde og mangfaldet av landskapstypar skal ivaretakast.

Sjøtransport og maritim næring

- 2.18 Areal til farleier, hamner og kommunikasjonspunkt mellom sjø og land skal sikrast i planar.

Strandsone

- 2.22 Kommunane skal vurdere om tiltak som tidlegare er godkjent i kommuneplan eller reguleringsplan, er i samsvar med nasjonale og regionale føringar for strandsona.
- 2.23 Kommunen skal vurdere behov for nye byggeområde, båt plassar og tilrettelegging for friluftsliv.

Generelt for nye tiltak i strandsona

- 2.27 Nye tiltak i strandsona skal gjevast ei god estetisk og arkitektonisk utforming når det gjeld form, volum, stiluttrykk, materialbruk og fargar, og gje minimale terrenginngrep og optimal massebalanse.

- 2.30 Allmenn tilgang til strandsona i form av strandpromenade, offentlig tilgjengeleg kai og parkar/byrom/friområde må tilretteleggjast i utvikling av by- og tettstader.
- 2.31 Brygger skal ikkje byggast slik at dei stenger for allmenn ferdsel mellom naust og sjøen. Brygger bør etablerast utan store, irreversible terrenginngrep.

#### Båthamner

- 2.32 Fellesanlegg for båtplassar skal prioriterast framføre nye naustområde. Det skal leggjast opp til fellesløysingar for båtplassar, båtslipp, molo og infrastruktur som til dømes bodar, toalett/dusjrom, felleslokale og parkering knytt til båthamna på land.
- 2.34 Småbåtanlegg bør vurderast ved nye bustad- og fritidsbustadeigedomar ved sjø. Småbåtanlegg er mindre anlegg knytt til nærare fastsette eigedomar, og bør regulerast saman med dei aktuelle eigedomane.

Vurdering: Planforslaget vil i hovudsak vera i tråd med arealdelen til kommuneplanen for Austevoll kommune 2012 – 23, og bidreg difor til ei føreseieleg utvikling i området som er avklart på eit overordna plannivå. Men det vil og byggast ut i sjø der kommuneplanen har arealformål registrert som hamn. Etablering av utleigehytter og felles kai og båtplassar vert samordna ved nyutbygging. Tilgjenge til strandsona for ålmenta vert ikkje redusert.

#### h. Vesentlege interesser som vert råka av planinitiativet

Det er gjort ein utsjekk av interesser i nasjonale, regionale og lokale databasar. Kjeldene som er nytta og som er særskilt relevante i dette planarbeidet:

- [Kommunekart \(alle kartlag tilgjengeleg på heimesida til Austevoll kommune\)](#)
- [Miljøstatus](#)

Innanfor planområdet er det ein liten del som er registrert som innmarksbeite søraust i planområdet (figur 5). Denne delen av reguleringsplanen skal nyttast som parkering iht. gitt dispensasjon og rammeløyve i sak 18/936 og 22/18. Arealet på innmarksbeite er på ca. 200m<sup>2</sup> som blir omgjort til parkering.

Utanom innmarksbeite er det ikkje kjende til andre vesentlege interesser som vert råka av planinitiativet.

#### i. Ivaretaking av samfunnstryggleik / førebygging av risiko og sårbarheit

Store delar av nye utbyggingsområde er utsett for stormflo langs kysten. I bakkant av vegen er det ein bratt fjellskjering. Det er og ein del lausmasser i området det er tenkt å bygge ut. Desse punkta vil få merksemd i ROS-analysen og vert teke omsyn til elles i planarbeidet.

På dette tidspunktet er det ingen andre punkt som er vurdert til å vere av særskild interesse som må takast omsyn til i planmaterialet med tanke på ivaretaking av samfunnstryggleik og/eller førebygging av risiko og sårbarheit.

#### j. Offentlege organ og andre interesserte som skal varslast ved planoppstart

Liste over dei som skal varslast ved planoppstart ligg som Vedlegg 1.



## k. Prosessar for samarbeid og medverknad

Jf. Pbl §§ 1-1, 5-1 skal forslagsstillar legge til rette for medverknad i alt planarbeid, og sikre aktiv medverknad dersom det krevjast særskilt tilrettelegging. Dette inneberer jf. Pbl § 5-2 at planprosessen skal framstillast elektronisk og at ein skal legge til rette for dialog i alle fasar. Ein skal òg leggja til rette for aktuell informasjon med betydning for planprosessen sin føreseielegheit jf. Pbl § 3-2.

I det føreliggjande planarbeidet er det ingen interesser som krev særskilt tilrettelegging for medverknad i dette planarbeidet utover dei ordinere prosessane. Planarbeidet følgjer dei ordinære medverknadsprosessane etter plan- og bygningslova jf. §§4-1, 4-2 og 12-8 – 12-12. Ved oppstart og ved høyring og offentleg ettersyn vert naboar, offentlege mynde, samt andre råka partar og interesseorganisasjonar varsla jf. Pbl §§ 5-2 og 12-8.

Alle merknadar som kjem inn til planarbeidet i dei ulike fasane vert summert i eige merknadsskjema, der ein òg kommenterer korleis merknadane vert handtert i planforslaget før neste handsaming. Dersom det undervegs i planarbeidet oppstår behov for ytterlegare medverknadsprosessar, til dømes mekling, dialogmøte eller anna konfliktløysing utover dei ordinere prosessane, vil ein leggja til rette for dette i tråd med Rettleiar for medverknad i planlegging (kommunal- og moderniseringsdepartementet, 2014).

Statlege og regionale organ som vert råka av planframlegget har høve til å fremja motsegn jf. Pbl §5-4 og 5-5.

## l. Vurdering av konsekvensutgreiing

- [Forskrift om konsekvensutgreiing, 2017](#)

Planarbeidet er vurdert til å ikkje utløyse krav om konsekvensutgreiing, jf. forskrift om konsekvensutgreiing(2017), og rettleiar for konsekvensutgreiingar for planar etter plan- og bygningslova (2021)

Føremålet med forskrifta er å sikre at omsynet til miljø og samfunn vert gjort greie for under førebuing av planar og tiltak, og når det takast stilling til om og på kva vilkår planar eller tiltak kan gjennomførast. Kva planar og tiltak som omfattast av forskrifta går fram av [§ 6](#), [§ 7](#) og [§ 8](#).

Vurdering: Etter ein gjennomgang av §§ 6 - 8 og bokstavane i vedlegg I og II i «forskrift om konsekvensutredning», er det vurdert at planforslaget ikkje krev konsekvensutgreiing. Dette vert grunna med at tiltak i planen er i hovudsak i tråd med overordna plan, og det ikkje skal bli gjort tiltak som følger av vedlegg I og II til forskrift om konsekvensutredning.

# Vedlegg

Vedlegg 1 - Liste over høringsinstansar og interesser som skal varslast ved oppstart planarbeid

Vedlegg 2 – Situasjonsplan og illustrasjonar for tomt 44/319

## Vedlegg 1

Høyringsinstans	e-post	Set kryss
Statsforvaltaren i vestland	<a href="mailto:sfvlpost@statsforvaltaren.no">sfvlpost@statsforvaltaren.no</a>	X
Vestland fylkeskommune	<a href="mailto:vlfk@vlfk.no">vlfk@vlfk.no</a>	X
Fiskeridirektoratet region vest	<a href="mailto:postmottak@fiskeridir.no">postmottak@fiskeridir.no</a>	X
Kystverket vest, Plan- og kystforvaltningsavd.	<a href="mailto:post@kystverket.no">post@kystverket.no</a>	X
Statens vegvesen	<a href="mailto:firmapost@vegvesen.no">firmapost@vegvesen.no</a>	X
Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)	<a href="mailto:rv@nve.no">rv@nve.no</a>	X
Forsvarsbygg	<a href="mailto:post@forsvarsbygg.no">post@forsvarsbygg.no</a>	
Direktoratet for mineralforvaltning		
Fiskarlaget vest	<a href="mailto:vest@fiskarlaget.no">vest@fiskarlaget.no</a>	X
Museum Vest	<a href="mailto:marinarkeologi@museumvest.no">marinarkeologi@museumvest.no</a>	X
Bergen og Omland Friluftsråd (BOF)	<a href="mailto:firmapost@bof.no">firmapost@bof.no</a>	X
Hordaland bondelag	<a href="mailto:hordaland@bondelaget.no">hordaland@bondelaget.no</a>	X
Kongelige norske båtforbund	<a href="mailto:endre@knbf.no">endre@knbf.no</a>	
Mattilsynet	<a href="mailto:postmottak@mattilsynet.no">postmottak@mattilsynet.no</a>	
Direktoratet for samfunnsikkerhet og beredskap (DSB)	<a href="mailto:postmottak@dsb.no">postmottak@dsb.no</a>	X
Naturvernforbundet i Hordaland	<a href="mailto:hordaland@naturvernforbundet.no">hordaland@naturvernforbundet.no</a>	X
NOF (fugleforening)	<a href="mailto:nof@birdlife.no">nof@birdlife.no</a>	X
Avinor	<a href="mailto:post@avinor.no">post@avinor.no</a>	
Samarbeidsrådet i Hordaland	<a href="mailto:firmapost@samarbeidsraadet-sunnhordland.no">firmapost@samarbeidsraadet-sunnhordland.no</a>	

Austevoll kommune: råd og representantar	e-post	Set kryss
Representant for barn- og unge Folkehelsekoordinatør	<a href="mailto:stine.emilie.konradsen@ austevoll.kommune.no">stine.emilie.konradsen@ austevoll.kommune.no</a>	
Miljøretta helsevern i Austevoll kommune v/Inger Cecilia Uglenes (kommuneoverlege)	<a href="mailto:inger.uglenes@ austevoll.kommune.no">inger.uglenes@ austevoll.kommune.no</a>	X
Eldrerådet v/Bjørn Erik Klepsvik	<a href="mailto:Bjorneirik.klepsvik@lysglimt.net">Bjorneirik.klepsvik@lysglimt.net</a>	
Rådet for menneskjer med nedsett funksjonsevne v/Hilde E. Klepsvik	<a href="mailto:hibeth@lysglimt.net">hibeth@lysglimt.net</a>	
Forvaltning, drift og vedlikehold v/Olav Jarnes	<a href="mailto:olav.jarnes@ austevoll.kommune.no">olav.jarnes@ austevoll.kommune.no</a>	X
Austevoll kommune brann- og redning v/Hans Petter Bjånesøy	<a href="mailto:hans.bjanesoy@ austevoll.kommune.no">hans.bjanesoy@ austevoll.kommune.no</a>	X

Lokale organisasjonar og lag	e-post	Set kryss
Austevoll fiskarlag	<a href="mailto:austevollfiskarlagleiar@gmail.com">austevollfiskarlagleiar@gmail.com</a> <a href="mailto:austevollfiskarlag@yahoo.no">austevollfiskarlag@yahoo.no</a>	X
Austevoll pensjonistlag	<a href="mailto:sylvi.na@online.no">sylvi.na@online.no</a>	
Fagforbundet pensjonistlag v/Inger Lomheim	<a href="mailto:inglo@lysglimt.net">inglo@lysglimt.net</a>	
Viltneimda v/Eidvind Haveland og Gunnar Kleive	<a href="mailto:eh@egersundgroup.no">eh@egersundgroup.no</a> og <a href="mailto:gkle@fitjar.kommune.no">gkle@fitjar.kommune.no</a>	X
SIM	<a href="mailto:sim@sim.as">sim@sim.as</a>	X
Austevoll kraftlag	<a href="mailto:firmapost@austevoll-kraftlag.no">firmapost@austevoll-kraftlag.no</a>	X
Austevoll vatn- og avløp	<a href="mailto:avapost@aksa.no">avapost@aksa.no</a>	X
Austevoll kart	<a href="mailto:post@aukas.no">post@aukas.no</a>	X
Stord-Fitjar Landbruks- og miljøkontor konto	<a href="mailto:geir.rossland@fitjar.kommune.no">geir.rossland@fitjar.kommune.no</a>	X
Austevoll Turlag v/Regina N. Vestrheim	<a href="mailto:reginanja76@hotmail.com">reginanja76@hotmail.com</a>	X